

# Rapportserie

05/2014



**Samarbeid med  
Sør-Afrika i høgare  
utdanning:**

Føresetnader,  
utfordringar og  
moglegheiter

**Utgivar:** Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)  
Februar 2014

**Ansvarleg redaktør:** Kjell G. Pettersen

**Utarbeida av:** Ragnhild Tungesvik, SIU

ISSN 1893-1065

ISBN 978-82-93017-40-0

Rapporten kan lastast ned frå [www.siu.no](http://www.siu.no)

## Føreord

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) er eit kompetancesenter som skal bidra til å styrke kvaliteten i norsk utdanning. Som nasjonalt programkontor skal SIU samordne tiltak på nasjonalt nivå i samsvar med offisielle retningslinjer for politikken på feltet, og fremje internasjonalisering, kulturell kommunikasjon og internasjonal mobilitet på alle utdanningsnivå. SIU er organisert som eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Gjennom utgreiing, analyse og rettleiing skal SIU gi styresmakter og utdanningssektoren betre føresetnader for å utforme politikk, tiltak og strategiar.

Rapporten skal gi kunnskap om høgare utdanning i Sør-Afrika, status og utvikling. Han tar føre seg nasjonale mål og strategiar og kva som karakteriserer den svært ueinsarta høgare utdanningssektoren i landet.

Bergen, februar 2014



Alf Rasmussen,

Direktør SIU

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>5</b>
<b>2. HØGARE UTDANNING I SØR-AFRIKA .....</b>	<b>5</b>
2.1 HISTORISK BAKGRUNN/UTVIKLING .....	5
2.2 KUNNSKAPSPOLITISKE MÅLSETJINGER OG NASJONAL POLITIKK FOR HØGARE UTDANNING .....	6
2.3 STYRING OG FINANSIERING AV HØGARE UTDANNING OG FORSKING.....	8
2.4 UTDANNINGSLØPET.....	10
<b>3. INSTITUSJONSLANDSKAPET .....</b>	<b>11</b>
3.1 INSTITUSJONSTYPAR/-KATEGORIAR .....	11
3.1.1 <i>Offentlege universitet</i> .....	11
3.1.2 <i>Colleges</i> .....	13
3.1.3 <i>Private utdanningsinstitusjonar</i> .....	13
3.2 KVALITET OG RELEVANS I HØGARE UTDANNINGSSEKTOR .....	14
3.3 FORHOLDDET MELLOM FORSKING OG UTDANNING PÅ INSTITUSJONSNIVÅ .....	15
<b>4. INTERNASJONALT SAMARBEID.....</b>	<b>16</b>
4.1 NASJONALE PRIORITERINGER FOR INTERNASJONALT SAMARBEID .....	16
4.2 STATUS FOR INTERNASJONALISERING AV HØGARE UTDANNING I SØR-AFRIKA .....	18
4.3 INSTITUSJONNELLE RAMMEFAKTORAR – FØRESETNADER FOR INTERNASJONALT SAMARBEID .....	20
4.4 SENTRALE AKTØRAR I INTERNASJONALISERINGSARBEIDET.....	21
<b>5. UTDANNINGS- OG FORSKINGSSAMARBEID MED NOREG – STATUS OG MOGLEIGHETER .....</b>	<b>23</b>
5.1 STATUS .....	23
5.2 MOGLEIGHETER.....	25
<b>APPENDIKS.....</b>	<b>28</b>
DEI OFFENTLEGE UNIVERSITETA I SØR-AFRIKA.....	28

## 1. Innleing

I 2010 vart Sør-Afrika innlemma i det som tidlegare vart kalla BRIK-samarbeidet (Brasil, Russland, India og Kina), og samanslutninga vart omdøypt til BRIKS. Den relativt lause samanslutninga av land består av raskt veksande økonomiar, som står i ei særstilling i eigen region, men elles er svært ulike både når det gjeld storlek, historie, politisk system og liknande. Sør-Afrika er med sine 50 millionar innbyggjarar eit lite land samanlikna med dei andre BRIKS-landa. Det femte toppmøtet for statsleiarane i BRIKS-landa vart halde i Durban i mars 2013. På dette møtet var BRIKS-landa si samhandling med det afrikanske kontinentet eit hovudtema, og det er ei generell oppfatning at Sør-Afrika vart invitert med i BRIKS-samarbeidet på grunn av ressursane og eigenarten sin, men også på grunn av særstillinga og den gode kontakten landet har med resten av Afrika.<sup>1</sup>

Det er sterke band mellom Noreg og Sør-Afrika, som strekkjer seg tilbake til apartheidtida, då Noreg gav betydeleg støtte til kampen mot apartheid, mellom anna ved å støtte høgare utdanning for ANC-medlemmar i eksil. I 20-årsperioden som har gått sidan landet fekk si første demokratisk valde regjering i 1994, har Sør-Afrika også vore ein relativt stor mottakar av norsk bistand. Frå 2009 har Sør-Afrika offisielt vore fasa ut som bistandsland for Noreg, men i praksis er landet framleis ein mottakar av norsk bistand, særleg innafor områda klima og miljø, menneskerettar og demokrati, samt fred og tryggleik. I 2012 utbetalte Noreg om lag 170 millionar norske kroner i bilateral bistand til Sør-Afrika.<sup>2</sup>

Sør-Afrika kan vere eit interessant samarbeidsland for høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg, både på grunn av dei mange historiske banda mellom institusjonar i dei to landa, på grunn av Sør-Afrika si strategiske stilling på det afrikanske kontinentet, og på grunn av landet si rolle som veksande økonomisk makt, og som medlem av BRIKS-samarbeidet.

Denne rapporten forsøker å teikne eit bilet av situasjonen i høgare utdanning i Sør-Afrika, både når det gjeld historisk bakgrunn, politikk, styring og system. Deretter følgjer eit kapittel om institusjonslandskapet innanfor høgare utdanning. Vidare følgjer ei skildring av status og planar når det gjeld internasjonalisering, før rapporten skildrar status og antyder moglegheiter for styrka internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid mellom Noreg og Sør-Afrika.

Denne rapporten byggjer på skriftlege kjelder, i hovudsak offentlege dokument, rapportar, artiklar og nettsider. I tillegg har SIU i arbeidet med rapporten besøkt Sør-Afrika og hatt samtalar med representantar for departement, organisasjonar og universitet.

## 2. Høgare utdanning i Sør-Afrika

### 2.1 Historisk bakgrunn/utvikling

Høgare utdanning i Sør-Afrika er uløyseleg knytt til landet si historie. Dagens utdanningssystem står overfor ei rekke utfordingar knytt til ulikskap, urettferdigheit og diskriminering. Desse er i stor grad ein arv frå apartheidpolitikken, og har til dels røter heilt tilbake til kolonitida. Høgare utdanning var før 1994 designa for å tene apartheidpolitikken sine formål. Universiteta var rasedelte, og

<sup>1</sup> <http://www.brics5.co.za/> og National Development Plan 2030: Our Future

<sup>2</sup> <http://www.norad.no/no/om-bistand/landsider/afrika/s%C3%B8r-afrika>

institusjonane for dei «kvite» var særstakt privilegerte samanlikna med institusjonane som var opne for dei underprivilegerte gruppene i befolkninga. Blant dei privilegerte («kvite») institusjonane var det både engelskspråklege og afrikaansspråklege institusjonar (universitet og «teknikons»), med røter i ulike europeiske tradisjonar. Dei underprivilegerte («svarte») institusjonane var dels nasjonale, og dels drivne innanfor dei såkalla «heimlanda» (bantustans). Det var også eigne institusjonar for folkegruppene «farga» og «indarar».<sup>3</sup>

Utdanningspolitikken var lagt opp slik at dei underprivilegerte institusjonane hadde svært liten grad av intellektuell fridom og institusjonell autonomi. Det føregjekk lite eller ingen forskningsaktivitet ved desse institusjonane, og utdanningsprogramma var lagde opp slik at det høgast utdanna sjiktet av den svarte befolkninga kunne yte høgst nødvendige tenester til den svarte befolkninga, til dømes innanfor helsestell og grunnopplæring. Utdanningssystemet under apartheidtida nekta systematisk svarte sørafrikanarar tilgang til og likskap i forhold til utdanningsmøglinger. Ei stor utfordring i det sørafrikanske utdanningssystemet er at det held fram med å produsere og reproduksjon av forskjellar knytt til kjønn, klasse og rase når det gjeld tilgang til og suksess innanfor utdanningssystemet.<sup>4</sup>

Ulikskap basert på rase omfattar også resten utdanningssystemet. Grunnskular og vidaregåande skular var også rasedelte i apartheidtida, og på grunn av busettadsmønster og ulikskapar i økonomisk status, er skulane framleis i stor grad rasedelte.

## 2.2 Kunskapspolitiske målsetjingar og nasjonal politikk for høgare utdanning

Utdanning generelt, og høgare utdanning spesielt, har og har hatt ei svært sentral rolle i utviklinga av den sørafrikanske demokratiske republikken etter 1994. Likevel er det eit generelt inntrykk at det ikkje er oppnådd så mykje som ein hadde håpa og forventa. Kunskapspolitikken i Sør-Afrika blir i dag forvalta av tre ulike departement: Department of Basic Education (DBE), Department of Higher Education and Training (DHET) og Department of Science and Technology (DST).

DBE har ansvaret for skulesystemet frå «Grade R» (førskule), gjennom «primary school» (klasse 1–7) og «high school» (klasse 8–12). Fullført grunnopplæring blir avslutta med National School Certificate, som gir studiekompetanse, og er grunnlag for opptak til høgare utdanning. DBE har også ansvar for vaksenopplæring. Den nasjonale utdanningspolitikken på dette nivået blir implementert av utdanningsmyndigheter på provinsnivå. DBE har fleire store prosjekt og reformer under gjennomføring, som gjeld både infrastruktur og kvalitet i grunnopplæringa.<sup>5</sup> Dette er svært naudsynte reformer, då grunnopplæringa i stor grad er prega av låg kvalitet. Mange elevar frå dei underprivilegerte gruppene greier ikkje å fullføre grunnskule og vidaregåande opplæring, og av dei som fullfører, greier mange berre så vidt å bestå eksamen.

<sup>3</sup> Terminologien knytt til rase i Sør-Afrika varierer til ein viss grad. I apartheidtida var det i hovudsak fire grupper: «svarte» (afrikanarar), «farga», «indarar» og «kvite» (europearar). I mange tilfelle vart kategoriane «kvit» og «ikkje-kvit» brukt, der den siste gruppa omfatta både svarte, farga og indarar. Alle dei «ikkje-kvite» var underprivilegerte i apartheidsamfunnet. Denne rapporten nyttar omgrepa «privilegert» og «underprivilegert» for å beskrive stillinga til universiteta under apartheidregimet og for å seie noko om situasjonen til universiteta i dag.

<sup>4</sup> Department of Higher Education and Training: Green Paper for Post-School Education and Training, s. 7

<sup>5</sup> <http://www.education.gov.za/TheDBE/tabid/54/Default.aspx>

Den dårlige kvaliteten i grunnopplæringa er også svært merkbar i høgare utdanning. Studentane som byrjar på universiteta er ofte dårlig førebudde reint fagleg, og det svært mange som blir forsinka eller ikkje fullfører i det heile tatt. Blant dei svarte studentane som blir tekne opp på universiteta, viser undersøkingar at over 50 prosent aldri fullfører utdanninga dei har byrja på. Den låge kvaliteten i grunnopplæringa blir av mange sett på som den største utfordringa både for høgare utdanning, og for den generelle utviklinga i landet.<sup>6</sup>

Department of Higher Education and Training (DHET) har sidan 2009 hatt ansvar for all utdanning etter grunnopplæringa.<sup>7</sup> I 2012 gav dette departementet ut «Green Paper for Post-School Education and Training» (heretter omtalt som *green paper*). På bakgrunn av dette dokumentet og påfølgjande høyringsprosess, skal det utviklast eit «white paper» som vil bli lagt fram for parlamentet i 2014.<sup>8</sup> Departementet har også utvikla ein strategisk plan for perioden 2010–2015. Målsetjingane for høgare utdanning er tett knytte til målet for utviklinga av nasjonen og demokratiet, slik desse kjem til uttrykk i National Development Plan 2030. Ei svært viktig målsetjing er å utdanne den arbeidsstyrken Sør-Afrika treng for å skape eit godt og inkluderande samfunn for alle borgarar. Økonomisk utvikling er viktig, men internasjonal konkurranse er ikkje sterkt profilert i DHET sine målsetjingar. Det er størst vekt på sosial rettferd, anti-diskriminering og utjamning.

Den sørafrikanske utdanningspolitikken er prega av eit komplekst omgrepssapparat. Ein brukar «post-school education» som eit felles omgrep for all utdanning utover tolvårig skulegang. Høgare utdanning refererer i hovudsak til utdanning som finn stad på universitet, og som leier fram til universitetsgrader (Bachelor, Bachelor of Honours, Master, Ph.d.). I tillegg opererer ein med omgrepet «further education», som refererer til kortare yrkes- og fagutdanningar som blir tilbydde på «Further Education and Training colleges» (FET colleges). Dei offisielle dokumenta brukar også omgrep som «vocational education», «occupational education» og «professional education». I denne rapporten vil fokus vere på politikken for høgare utdanning, altså det som vedkjem universiteta.

Arbeidsløysa blant ungdom er eit av dei mest alvorlege sosiale problema i Sør-Afrika. I 2010 hadde 3,2 millionar unge menneske mellom 18 og 25 år verken jobb eller tilbod om utdanning eller opplæring. For å gi flest mogleg innbyggjarar, og særleg ungdom, ein sjanse til å få utdanning etablerte Sør-Afrika på 90-talet eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (National Qualification Framework – NQF). Dette skulle bidra til å anerkjenne uformell utdanning og erfaring på lik linje med formell utdanning, og ved å dokumentere slik realkompetanse skulle det gi tilgang til utdanningssystemet for dei som hadde lite formell utdanning frå før. Men det vert no konkludert med at NQF har blitt for omfattande og komplekst, og at det ikkje har hatt den ønskte effekten når det gjeld å bidra til at sørafrikansk ungdom får seg utdanning, jobb og eit betre liv. Systemet er likevel framleis i bruk, og ulike utdanningsprogram er plassert på ulike nivå i NQF (1–10).

Dei viktigaste målsetjingane for høgare utdanning har med tilgang og gjennomstrøyming i utdanninga å gjere (*access and success*). For å betre tilgangen til høgare utdanning skal det dei nærmeste åra

<sup>6</sup> Dette vart nemnt av dei aller fleste aktørene SIU møtte under ei studiereise til Sør-Afrika i november 2013. World Economic Forum rangerte det sørafrikanske utdanningssystemet som nr 140 av 144 i 2012, og erklærte at det største hinderet for investeringar i Sør-Afrika var mangel på kvalifikasjonar hos arbeidsstyrken.

<sup>7</sup> Før dette var det eitt samla Department of Education, som hadde ansvar for utdanning på alle nivå.

<sup>8</sup> «White Paper» kan samanliknast med ei Stortingsmelding.

etablerast to nye universitet i dei to provinsane som enno ikkje har universitet.<sup>9</sup> I tillegg skal heile FET-sektoren styrkast, både når det gjeld storleik/kapasitet og kvalitet. Det er også planar om å gjennomføre ei klår ansvarsdeling mellom institusjonane, og mellom FET-sektoren og universiteta, slik at alle behov i samfunnet blir dekte gjennom dei utdanningane institusjonane tilbyr. Det er eit mål at FET-institusjonane skal bli så mange og så gode at dei blir attraktive, og ikkje berre ei naudløsing for dei som ikkje kjem inn på universiteta.

Høgare utdanning i Sør-Afrika har gått gjennom ei rivande utvikling i løpet av dei 20 åra etter at apartheidpolitikken vart avskaffa. Eit sentralt omgrep i denne samanhengen er *institutional redress*, som innebar tiltak som skulle bidra til at dei historiske underprivilegerte institusjonane tok igjen det tapte og oppnådde likeverd og rettferd. I 2003 starta prosessen med å reformere og restrukturere heile den høgare utdanningssektoren i Sør-Afrika. Talet på offentlege universitet vart redusert frå 36 til 23, og ei rekkje mindre universitet og høgskolar (teknikons) vart slåtte saman og danna nye universitet. Ein del av dei samanslårte universiteta består av tidlegare universitet og teknikons, både for kvite, svarte og dei andre underprivilegerte gruppene, og både engelsk- og afrikaansspråklege.

Talet på studentar i høgare utdanning har nesten blitt dobla, frå ca. 470 000 i 1993 til om lag 940 000 i 2011. I denne prosessen har rasesamansetnaden i studentpopulasjonen endra seg radikalt: i 1993 var 52 prosent av studentane svarte, medan 78 prosent av alle studentar var svarte i 2011. Gitt den totale veksten i studenttalet, betyr dette at talet på svarte studentar er blitt tredobla i denne perioden.<sup>10</sup> Eit nyleg presentert forskingsprosjekt viser likevel at rettferd og likskap internt på institusjonane varierer svært mykje, og at mange universitetet er langt frå å nå måla om likskap og representativitet i høve til resten av befolkninga.<sup>11</sup> På institusjonsnivå opplever ein det som vanskeleg å rekruttere studentar av høg nok kvalitet frå dei gruppene som av politiske grunnar skal prioritert (svarte og kvinner). Dette heng igjen saman med den därlege kvaliteten i grunnutdanninga.<sup>12</sup>

## 2.3 Styring og finansiering av høgare utdanning og forsking

Den offentlege høgare utdanningssektoren i Sør-Afrika er sentralt styrt. Department of Higher Education and Training (DHET) eig alle dei 23 offentlege universiteta, og 50 offentlege FET colleges. I tillegg fins ei rekkje private tilbydarar av høgare utdanning. DHET har som hovudoppgåve å sjå til at Sør-Afrika har eit differensiert og inkluderande høgare (*post-school*) utdanningssystem som gir alle sørafrikanarar høve til å komme inn på og fullføre relevant (*post-school*) utdanning og opplæring, for å oppfylle dei økonomiske og sosiale måla for deltaking i ein økonomi og eit samfunn som er inkluderande. DHET har ei internasjonal avdeling som har ansvar for å oppfylle måla departementet har knytt til internasjonalisering.<sup>13</sup>

Vidare er det etter lov oppretta eit Council for Higher Education (CHE), som er eit uavhengig organ som gir råd til departementet i alle spørsmål knytt til høgare utdanning. I tillegg har CHE ansvar for

<sup>9</sup> Dei to provinsane er Mphumalanga og Northern Cape.

<sup>10</sup> Informasjonen er henta frå ein tale halden av Minister for Science and Technology, Derek Hanekom, 24. august 2013.

<sup>11</sup> <http://www.ukzn.ac.za/news//2013/10/24/seminal-study-devises-equity-index-to-measure-the-pace-of-transformation-in-south-african-universities>

<sup>12</sup> Informasjonen kom fram i møte med University of Cape Town i november 2013.

<sup>13</sup> <http://www.dhet.gov.za/>

kvalitetssikring av høgare utdanning og akkreditering av HU-institusjonar, og for administrasjon av den delen av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som omfattar høgare utdanning.<sup>14</sup>

Høgare utdanning i Sør-Afrika har i hovudsak tre finansieringskjelder: 1) midlar over statsbudsjettet, 2) studieavgifter og 3) gåver og inntektsbringande aktivitetar. Grunnfinansieringa til universiteta blir ytt basert på studenttal og andre gitte føresetnader, i tillegg til resultat i form av studentgjennomstrøyming og forskingspublikasjonar. I tillegg yter staten øyremerka midlar til investeringar i infrastruktur for institusjonar som har mange fattige studentar, til små institusjonar, og til institusjonar i avsidesliggende område. Institusjonane fastset sjølve nivået på studieavgiftene. For å unngå å måtte auke avgiftene for mykje ser mange universitet etter nye kjelder for å generere inntekter, såkalla *third stream income*. I 2010 utgjorde gåver og eigengenererte inntekter ca. 31 prosent av inntektene ved sørifikanske universitet.<sup>15</sup>

Forskningsverksemda i Sør-Afrika er styrt av Department for Science and Technology (DST). Oppgåvene til departementet er å utvikle, koordinere og styre det nasjonale innovasjonssystemet. Prioriteringane til DST er nedfelt i ein tiårsplan; «the Ten Year Innovation Plan». Denne planen byggjer på fem strategiske tematiske satsingsområde. Desse fem satsingsområda er: bioteknologi, romteknologi, energisikkerheit, globale endringar, særleg klimaendringar og menneskeleg og sosial dynamikk.<sup>16</sup> Medan DHET bidrar med grunnfinansieringa til universiteta, finansierer DST forskningsprosjekt/-program, i mange tilfelle inkludert lønn til forskarar og stipend til doktorgradsstudentar, og i nokre tilfelle mastergradsstudentar. DST finansierer også andre forskningsinstitusjonar og forskingsråd.<sup>17</sup> DST har også hovudansvar for finansiering av doktorgradsutdanning i Sør-Afrika, og har som mål å femdoble talet på ph.d.-grader i løpet av dei neste ti åra. Dette er eit svært ambisiøst mål, og universiteta sjølve meiner at dette er eit mål det blir vanskeleg å nå, dersom det berre skal omfatte sørifikanske studentar. Grunnen er den manglande rekrutteringsbasen til doktorgradsutdanning blant dei prioriterte gruppene. Fleire institusjonar opplever at det er lettare å rekruttere gode afrikanske doktorgradskandidatar frå nabolanda enn frå Sør-Afrika sjølv.

Forskningsrådet gir i sin landpolicy for Sør-Afrika eit overblikk over styringsstrukturen innanfor det nasjonale innovasjonssystemet i landet.<sup>18</sup> Her blir det peikt på at i tillegg til DST, gir også både DHET og Department of Trade and Industry (DTI) viktige bidrag til forskings- og innovasjonssystemet, saman med ei rekke andre departement og organ under desse. National Research Foundation (NRF) er den viktigaste offentlege forskingsorganisasjonen, og er regjeringa sitt nasjonale organ for å fremje og støtte anvend forsking og innovasjon. NRF er Forskningsrådet sin motpart og samarbeidspartner i Sør-Afrika.

Sør-Afrika har etablert ein «lånekasse» for studentar på nasjonalt nivå. National Student Financial Aid Scheme (NSFAS) er finansiert av Department for Higher Education and Training (DHET), og yter lån og stipend til studentar som har akademiske evner, men manglar økonomiske ressursar til å ta høgare

<sup>14</sup> Higher Education Qualifications Sub-Framework (HEQSF)

<sup>15</sup> Desse inntektene kjem i stor grad frå donasjonar (frå alumninettverk og andre givarar), overskot frå spin-off-bedrifter og kursverksemder overfor næringslivet og andre sektorar.

<sup>16</sup> Ten Year Innovation Plan, s. viii

<sup>17</sup> I tillegg til det store National Research Foundation (NRF), finst det fleire tematiske forskingsråd som forvaltar forskingsmidlar.

<sup>18</sup> Landpolicyen til Forskningsrådet skal vere ferdig utvikla og vil bli offentleggjort i april 2014.

utdanning. NSFAS sine tenester liknar i stor grad på ordningane til Statens Lånekasse i Noreg, med det unntak at alle ytingar frå NSFAS er behovsprøvde, også studielån. Lån og stipend blir berre gitt til studentar som er tekne opp ved offentlege universitet og FET colleges i Sør-Afrika. Ein del av lånet blir omgjort til stipend ved avslutta utdanning, og det er påskjønningsordningar for å fullføre på normert tid. Tilbakebetaling av lån er behovsprøvd knytt til eiga inntekt.<sup>19</sup> Alle dei største sørafrikanske bankane tilbyr også studielån, og her er det også mogleg å få lån til studiar ved private utdanningsinstitusjonar. NSFAS har inga ordning for å gi stipend og lån til sørafrikanske studentar som vil ta utdanning i utlandet.

## 2.4 Utdanningsløpet

### Akademiske grader

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket opererer med ti ulike nivå (NQF Level 1–10). For alle utdanningsprogram skal det vere angitt kva for nivå dei ligg på. På dei lågaste nivåa finst det ei rekke ulike sertifikat knytt til ulike typar fag- og yrkesutdanning. National Senior Certificate ligg på nivå 4, og er sertifikatet ein får ved avslutta tolvårig skulegang. Tilsvarande for yrkes- og fagutdanningar er National Certificate Vocational, som også ligg på nivå 4.

Innanfor høgare utdanning blir det gitt grader på to hovudnivå: *undergraduate* (nivå 5–7) og *postgraduate* (nivå 8–10). Det finst fleire grader innanfor dei to ulike hovudnivåa:<sup>20</sup>

Nivå	Grad	År
<b>Undergraduate</b>	National Higher Certificate	2
Levels 5 to 7 (NQF)	National Diploma	3
	Bachelor's Degree	3
<b>Postgraduate</b>	Bachelors Honours Degree	1
Levels 8 to 10 (NQF)	Master's Degree	1 – 2
	Doctoral Degree (ph.d)	2 – 3

Dei utdanningsnivåa som er mest samanliknbare med europeiske ordningar er Bachelor's , Master's og Doctoral Degree. Men mastergradene i Sør-Afrika er oftast eittårige, og det blir kravd ein eittårig «Bachelors Honours Degree» mellom bachelorgraden og mastergraden. Det er ikkje automatisk opptak mellom Bachelor's Honours og Master's Degree.<sup>21</sup>

### Profesjonsutdanninger

Profesjonsutdanningane i Sør-Afrika er lagde til alle tre typar universitet. Åtte universitet tilbyr legeutdanning. Denne er seksårig, med eitt til to års turnusteneste (internship), samt eitt års pliktteneste i eit lokalsamfunn etter enda studium, før endeleg offentleg godkjenning som lege.

<sup>19</sup> <http://www.nsfas.org.za/NSFAS/>

<sup>20</sup> Nuffic (2012): South Africa: Country Module. Evaluation of foreign degrees and qualifications in the Netherlands

<sup>21</sup> I samtalar med sørafrikanske universitet har SIU opplevd at synet på i kva grad internasjonale studentar treng å ta Bachelor of Honours-graden før dei får opptak på Mastergrad varierer. Nokre meiner at internasjonale studentar med treårig bachelorgrad må ta dette årsstudiet, medan andre meiner at studentar frå t.d. Europa er godt nok kvalifiserte for masterutdanning i Sør-Afrika utan å ta ein Bachelor of Honours først.

Sjukepleiarutdanning (BCur) er fireårig, og undervegs i studiet kan ein velje spesialisering, mellom anna som jordmor, psykiatrisk sjukepleiar eller helsesøster. Studiet består av både teori og praksis, og leier fram til ei offentleg godkjenning som sjukepleiar.

Det er to hovudmodellar for lærarutdanning i Sør-Afrika. Ein kan anten ta ein treårig bachelorgrad som førebur ein for læraryrket på lågaste nivå (barneskule), eller ein kan ta ein bachelorgrad i eit (undervisnings-)fag, og deretter byggje på med ei eittårig lærarutdanning (Postgraduate Certificate in Education). Lærarutdanning blir tilbydd på ei rekke ulike universitet, og omfattar både teoretiske studiar og praksis.

Ingeniørutdanning blir gitt på fire ulike nivå: diplom, bachelor-, master- og doktorgrad.<sup>22</sup>

## 3. Institusjonslandskapet

### 3.1 Institusjonstypar/-kategoriar

#### 3.1.1 Offentlege universitet

Etter fusjonsprosessane midt på 2000-talet sto Sør-Afrika igjen med 23 universitet, fordelt på tre ulike kategoriar: universitet, tekniske universitet (universities of technology) og kombinerte universitet (comprehensive universities). For alle institusjonane gjeld at fullført 12 års skulegang (National Senior Certificate eller National Certificate Vocational) er opptakskrav.

Det totale talet på studentar i Sør-Afrika har auka dramatisk sidan 1994. Det har også vore ein stor auke i studentar på kvar einskild institusjon. Nasjonal statistikk viser at 938 201 studentar var i gang med utdanning på eit av dei 23 sør-afrikanske universiteta i 2011. Av desse var 556 695 studentar (59 prosent) som fysisk oppheldt seg på eit universitet, medan 381 506 var fjernstudentar (41 prosent), som følgde eit undervisningsopplegg via Internett, brevkurs og liknande.

Talet på institusjonar og studentar i dei tre institusjonskategoriane kjem fram i tabellen under:

Type universitet	Tal på institusjonar	Tal på studentar 2011 <sup>23</sup>
Universitet	11	327 378
Kombinerte (comprehensive) universitet	6	458 611 <sup>24</sup>
Teknologiske universitet	6	152 212
<b>Totalt</b>	<b>23</b>	<b>938 201</b>

Ni av dei 23 offentlege universiteta tilbyr fjernundervisning, men University of South Africa (UNISA) har tatt opp 85 prosent av alle studentar som tar universitetsutdanning som fjernundervisning.

Dei 11 «tradisjonelle» universiteta er dei som har blitt minst råka av reformene og fusjonsprosessane i høgare utdanning, og som derfor i størst grad har kunna vidareføre dei akademiske og institusjonelle tradisjonane sine gjennom heile post-apartheid-perioden. Åtte universitet har ikkje blitt slått saman med andre institusjonar, av desse er seks historisk privilegerte universitet. Dette

<sup>22</sup> <http://be-a.co.za/> og nettstadene til ulike sør-afrikanske universitet.

<sup>23</sup> Tal frå DHET, 2013: Statistics on Post-School Education and Training in South Africa: 2011

<sup>24</sup> Av desse er 328 851 fjernstudentar ved University of South Africa (UNISA) åleine

tilsvarar dei universiteta som har best finansiering, størst forskingsaktivitet, og som kjem høgast opp på internasjonale rangeringslister. Dette blir av kritikarar sett på som eit moment som fører til at historiske skilnader mellom institusjonane til dels blir vidareførte også etter reformene.

Desse universiteta tilbyr heile breidda av akademiske disciplinar, i tillegg til ei rekke profesjonsstudium som lege, jurist, lærar osb. Det kjem fram i ulike dokument at Sør-Afrika ikkje produserer nok kandidatar innanfor SET-faga (*Science, Engineering and Technology*) til å møte behova landet har for å setje fart på utviklinga.

Dei seks kombinerte universiteta er alle slåtte saman av fleire tidlegare institusjonar, både universitet og «teknikons». Dei tilbyr ei lang rekke akademiske og tekniske/profesjonsretta utdanningar. University of South Africa (UNISA) er eit spesielt universitet blant desse. UNISA er ein av verdas største opne fjernundervisningsinstitusjonar. Universitetet har nærmare 400 000 studentar i 130 land. Institusjonen har hovudbase i Pretoria, men har regionale kontor i alle provinsar i Sør-Afrika. Eit anna døme på eit kombinert universitet er University of Johannesburg (UJ). Universitetet vart grunnlagt i 2005, då fire institusjonar vart slåtte saman.<sup>25</sup> Sidan den gong har universitetet jobba grundig med å skape ein heilsakleg profil på tvers av dei fire campusane sine, og universitetet har ei klar målsetjing om å auke kvaliteten, mellom anna ved å knyte seg til prestisjetunge universitet i utlandet. UJ er medlem av det internasjonale nettverket Universitas 21, som består av 27 forskingsuniversitet i 17 land, og legg til rette for alt frå forskingssamarbeid til studentmobilitet mellom medlemsinstitusjonane.<sup>26</sup>

Dei seks tekniske universiteta er spreidde rundt i landet og tilbyr tekniske utdanningar, som ingeniørstudiuar, arkitektur, økonomi og leiing, samt naturvitenskaplege studieretningar. Men dei fleste av desse institusjonane tilbyr også andre studieretningar som landbruksfag, humaniora og ulike disciplinar innan samfunnsvitskap.

Statistikken frå 2011 viser at nær 480 000 studentar var tekne opp på lågare grads studieprogram (i hovudsak Bachelor), medan om lag 290 000 studentar tok utdanning som gav dei diplom eller sertifikat på lågare grads nivå. 49 000 studentar var tekne opp på mastergradsprogram, medan 13 000 studentar var i gang med eit doktorgradsprogram. Gjennomføringsraten er svært låg i sørafrikansk høgare utdanning, og dette er ei av dei store utfordringane høgare utdanning i Sør-Afrika står overfor.

---

<sup>25</sup> Rand Afrikaans University (RAU), the Technikon Witwatersrand (TWR) og Soweto and East Rand campuses of Vista University

<sup>26</sup> <http://www.universitas21.com/>

Ca. 160 000 studentar vart uteksaminerte frå dei offentlege universiteta i 2011. Desse fordele seg slik på ulike grader:

Grad	Talet på studentar	Prosent av totalt studenttal
Lågare grad (undergraduate)	117559	73 %
Høgare grad (postgraduate) under masternivå	31800	20 %
Mastergrad	9691	6 %
Doktorgrad	1576	1 %
<b>Totalt</b>	<b>160 626<sup>27</sup></b>	<b>100 %</b>

### 3.1.2 Colleges

I lys av den ekstremt høge arbeidsløysa blant ungdom i Sør-Afrika, anerkjenner den sør-afrikanske regjeringa at den høgare utdanningssektoren treng å styrkast og utvidast. Det er særleg i college-sektoren ein ser for seg ein stor vekst i åra som kjem. Det finst i dag 50 offentlege FET (*Further Education and Training*) Colleges, med i alt 248 campusar spreidde over heile Sør-Afrika. Desse vart oppretta i 2002, då ei rekke ulike små og relativt svake colleges vart slåtte saman til å danne desse 50 større og meir slagkraftige einingane. Den nasjonale statistikken viser at ca. 400 000 studentar var tekne opp ved dei offentlege FET-collega i 2011.

College-sektoren skal svare på behova for arbeidskraft i samfunnet. Collega tilbyr yrkes- og profesjonsutdanning, hovudsakleg til unge menneske (16–24 år). Dei vil ha hovudsansvar for å utvikle kunnskapar og ferdigheter hos framtidige handverkarar, teknikarar, bygningsarbeidrarar, arbeidrarar innanfor reiseliv og turisme, administrasjon og småbarnsomsorg (*early childhood care*). Samanlikna med det norske systemet er nivået på FET colleges overlappande med både vidaregående opplæring og høgskuleutdanning.

Det er stor mangel på godt kvalifiserte lærarar i Sør-Afrika, og nyleg har myndighetene erkjent at det er altfor dårlig kapasitet for utdanning av lærarar i landet. Det er derfor planar om å opne opp igjen nokre *Teacher Training Colleges* i 2013 og 2014. Desse institusjonane vart avvikla etter 1994 fordi dei gav lærarutdanning av låg kvalitet, berre tiltenkt lærarar i skular for svarte under apartheidregimet.

### 3.1.3 Private utdanningsinstitusjonar

Det finst i alt 429 private FET colleges i Sør-Afrika. Statistikken viser også at ca. 134 000 studentar var tekne opp ved private FET colleges, men det var berre ca. 70 prosent av institusjonane som hadde sendt inn tal for 2011, slik dei er pålagde. Det reelle talet på studentar i denne typen institusjon er derfor noko høgare. Likevel er det berre ca. 20 prosent av alle som blir uteksaminert frå FET colleges, som får eksamenen sin frå private institusjonar. Dei private collega er med andre ord små institusjonar, og dei er i hovudsak sentrert i nærleiken av dei største byane i landet.

Sør-afrikansk lov opnar i prinsippet for at kven som helst kan starte eit universitet eller ein annan høgare utdanningsinstitusjon i landet. I praksis er det likevel ein god del avgrensing i moglegitene for å opprette private institusjonar. Sør-Afrika tok i samband med GATS-forhandlingane i WTO eit prinsipielt politisk standpunkt om at utdanning ikkje er ei handelsvare, men er eit offentleg gode

<sup>27</sup> Tal frå DHET, 2013: Statistics on Post-School Education and Training in South Africa: 2011

(*public good*).<sup>28</sup> Det er derfor ikkje tillate å opprette utdanningsinstitusjonar for å tene pengar (*for-profit*).

Det har gjennom åra vore ein del debatt knytt til godkjenning av studietilbod oppretta av utanlandske institusjonar i Sør-Afrika. Fleire australske universitet har oppretta avdelingar og studieprogram (serleg MBA), som seinare har blitt lagde ned fordi dei ikkje fekk fornøya godkjenning av sørifikanske myndigheter. Berre Monash University har framleis ein campus, som ligg i Johannesburg. Nederlandske Stenden South Africa er ei avdeling av Stenden Hogeschool, og tilbyr bachelorutdanning innanfor hotellfag på campusen sin i Port Alfred.

### 3.2 Kvalitet og relevans i høgare utdanningssektor

Kvaliteten på universiteta i Sør-Afrika er svært varierande. Variasjonen har tett samanheng med dei rammevilkåra dei ulike universiteta har hatt historisk, og har i dag. Dei historisk privilegerte universiteta hadde i apartheidperioden ressursar og ambisjonar på linje med universitet i Europa, medan dei historisk underprivilegerte universiteta kan samanliknast ressursmessig med universitet i andre afrikanske land. Etter 1994 har det vore stort fokus på å utlikne forskjellane mellom universiteta (*institutional redress*) – heile reformprosessen tidleg på 2000-talet var eit svar på denne utfordringa. Men i praksis har forskjellane ikkje minka i særleg grad.

I den nye politikken som blir presentert i *Green paper* frå 2012 er det absolutte fokuset på likskap noko svekka, og ein anerkjenner at sterke forskingsuniversitet kan gi svært gode bidrag til utviklinga av Sør-Afrika, og at alle universitet ikkje kan ha styrken sin på dei same områda. Ein går inn for ei arbeidsdeling og ei differensiering av høgare utdanning, som både dreier seg om kvalitet og relevans. Department of Higher Education and Training (DHET) går inn for ein politikk som legg vekt på at ikkje alle universitet skal ha den same rolla og drive med det same. Det er eit politisk ønske å få til ei differensiering. Ein anerkjenner at Sør-Afrika treng dei få forskingsintensive universiteta som utdanner dei fleste master- og ph.d.-kandidatar, og er i front når det gjeld forsking og innovasjon. Nasjonen treng desse, også for å auke talet på høgt utdanna personar som kan jobbe på dei andre universiteta. Men behova til desse sterke universiteta må samtidig ikkje dra merksemda bort dei store behova for tilstrekkelege ressursar ved alle universitet, og særleg dei fattigaste. Trass i arbeidsdelinga som ein anerkjenner i nyare politikk, er det eit viktig mål at alle universitet i Sør-Afrika skal tilby lågare grads utdanning (undergraduate studies) av høg kvalitet. Det gjenstår å sjå om denne antyda politikken vil bli halden fast når saka skal handsamast i parlamentet, og om han deretter blir implementert.

Den omtalte arbeidsdelinga handlar i høg grad også om relevans. Tanken er at høgare utdanningssektor skal bidra til utvikling av det sørifikanske samfunnet ved at kandidatar blir utdanna i tråd med behova i arbeidsmarknaden, og ved at forskinga svarar på utfordringane samfunnet står overfor. Nyare policydokument understrekar at ikkje alle institusjonar skal gjere det same, at satsing på fag og nivå skal ha samanheng med det området institusjonen er lokalisert i, og behova i samfunnet, både regionalt og nasjonalt. Dette kjem til dømes tydeleg fram i måla for dei to nye universiteta, der Sol Plaatje University i Kimberley skal satse på mellom anna arkeologi og ivaretaking av kulturarv, fordi der er mykje historisk materiale og arv i dette området, medan University of Mpumalanga skal bli sterke innan landbruk og naturressursforvaltning, fordi dette er knytt til problemstillingar som er særleg aktuelle i den provinsen.

<sup>28</sup> Dette kom fram i møte med Department for Higher Education and Training (DHET) november 2013

Afrikanske universitet er i liten grad representerte på internasjonale rangeringslister. På Times Higher Education Ranking 2013 er berre tre universitet frå heile Afrika rangert. Alle desse tre ligg i Sør-Afrika. University of Cape Town (UCT) er rangert som nr 126 på den globale lista for 2013. Til samanlikning finn ein det beste norske universitetet på denne lista, Universitetet i Oslo, på 185. plass. Dei to andre universiteta som er vurderte og plasserte på lista til Times er University of Witwatersrand (226–250) og Stellenbosch University (301350).<sup>29</sup> Alle desse tre universiteta er historisk privilegerte universitet. I desember 2013 kom THE med ei eigen rankingliste for «BRICS and emerging economies». På denne lista ligg University of Cape Town som nummer tre, etter to kinesiske universitet.<sup>30</sup>

Ifølgje Forskningsrådet sin landpolicy for Sør-Afrika viser tal frå OECD at Sør-Afrika er rangert som nr. 26 av 43 blant OECD og assoserte land når det gjeld kvalitet i høgare utdanning/universitetssektoren. Landet er rangert som nr. 32 av 43 når det gjeld talet på fagfellevurderte publikasjoner.

Sidan 2004 har Department of Science and Technology (DST), i samarbeid med National Research Foundation (NRF), drive eit program som har tatt sikte på å etablere fysiske og virtuelle Centres of Excellence (CoE) ved sørafrikanske universitet og forskningsinstitusjonar. Slike senter er blitt etablerte med ein finansieringsperiode på minst ti år. Felles mål for sentera er mellom anna å fremje kunnskap og menneskeleg kapital på område som er strategisk viktige for Sør-Afrika, å fremje forskingssamarbeid og tverrfagleg forsking, å utvikle kreative og internasjonalt konkurransedyktige miljø for forskarutdanning, å satse på høg vitskapleg kvalitet, internasjonal konkurransedyktigheit og renommé, og å spreie kunnskap der den trengst. Ni slike senter har hittil fått støtte frå DST, dei fleste i nærmere ti år.

Alle dei ni CoE er nettverk eller konsortium som omfattar fleire institusjonar, både universitet, forskningsinstitusjonar, offentlege organ og private organisasjonar. Desse nettverka er viktige både for å skape ein brei og solid fagleg base, og som bidrag til å sikre annan finansiering enn den sentera får frå DST/NRF gjennom CoE-programmet.

University of Stellenbosch er det universitetet som er involvert i flest CoE. Denne institusjonen deltar i sju av dei ni sentera, og er verstsinstitusjon for fire. University of Cape Town deltar i seks nettverk, og er verstsinstitusjon for to. University of Witwatersrand og University of Kwa-Zulu Natal deltar i fire senter kvar. Alle dei elleve tradisjonelle universiteta er med i minst eitt CoE, medan fire av dei seks kombinerte universiteta deltar i minst eitt senter.

### 3.3 Forholdet mellom forsking og utdanning på institusjonsnivå

Som nemnt tidlegare i rapporten, er dei sørafrikanske universiteta svært ulike med tanke på forskingsaktivitet. Nokre universitet er verdsleiande innanfor einskilde fagområde. I samtale med sørafrikanarar generelt blir det ofte vist til at den aller første hjartetransplantasjonen i verda fann stad i Sør-Afrika, og helse er eit av fagområda som fleire universitet har svært gode resultat på.

Dei «tradisjonelle» universiteta står for det meste av forskinga i Sør-Afrika, dersom ein måler det etter talet på publikasjoner. Tal for 2004–08 som Forskningsrådet viser til i sin landpolicy, slår fast at

<sup>29</sup> I rangeringa frå 2012 var også University of Kwa-Zulu Natal med på rangeringa, i gruppa mellom 301 og 350. University of Stellenbosch var då rangert eit hakk høgare opp på skalaen, og UCT var nr 113 på lista.

<sup>30</sup> <http://www.timeshighereducation.co.uk/world-university-rankings/2014/brics-and-emerging-economies>

69 prosent av all forskingspublisering i Sør-Afrika kjem frå «dei fem store» universiteta (Cape Town, Witwatersrand, Kwa-Zulu Natal, Pretoria og Stellenbosch). Fire andre universitet publiserte til saman like mykje som kvart av dei fem store (Rhodes, Free State, North West og Western Cape).

Det er vanskeleg å finne dekning for å seie noko spesifikt om forholdet mellom forsking og utdanning ved sørafrikanske universitet generelt, og knytt til internasjonalt samarbeid spesielt. Men dei universiteta som har størst forskingsaktivitet, er i stor grad samanfallande med dei som tar imot flest internasjonale studentar. Føresetnadene burde derfor vere til stades for ein god samanheng mellom forsking og utdanning, og for å kople desse aktivitetane også i det internasjonale samarbeidet. Mykje av det akademiske samarbeidet mellom Sør-Afrika og Noreg gjennom dei siste 20 åra har kombinert forsking og utdanningsaktivitetar knytt til kapasitetsbygging, både innanfor NUFU-programmet og i Forskningsrådet/NRF-programma (sjå kapittel 5).

## 4. Internasjonalt samarbeid

### 4.1 Nasjonale prioriteringar for internasjonalt samarbeid

I Department of Higher Education and Training (DHET) sitt *Green paper* frå 2012 blir det slått fast at Sør-Afrika så langt ikkje har nokon omfattande, formell nasjonal politikk når det gjeld internasjonalisering av høgare utdanning. Det einaste policydokumentet som gjeld for internasjonalt samarbeid innan høgare utdanning er Southern African Development Community (SADC) sin «Protocol on Education and Training»,<sup>31</sup> og dette omhandlar berre samarbeid med nabolanda i regionen. Medan internasjonalisering er ein realitet på institusjonsnivå, er det ukoordinert, oppstykka og ad hoc-prega på nasjonalt nivå. *Green paper* peiker på at det er eit behov for å utvikle eit nasjonalt rammeverk for internasjonalisering av høgare utdanning i Sør-Afrika, og at eit slikt rammeverk vil kunne styrke dei eksisterande initiativa for internasjonalt samarbeid i sektoren, særleg forholdet mellom sørafrikanske universitet og universitet i andre land. Det kan også gi retningslinjer for nye initiativ og samarbeidsformer, legge til rette for rekruttering av internasjonale studentar, og gi retning til utviklinga av samarbeidsrelasjonar med andre land på myndigheitsnivå.

DHET har bilaterale avtalar med nokre land om internasjonalt utdanningssamarbeid. Men i dei fleste tilfelle opprettar institusjonane sjølve avtalar og samarbeidsaktivitetar med partnarinstitusjonar i andre land utan at departementet er involvert i dette. Institusjonane har full autonomi, og kan opprette samarbeid med kven dei vil.

Dagens situasjon innanfor internasjonalisering av høgare utdanning er tett knytt til landets generelle prioriteringar for utanrikspolitikken. Det betyr at samarbeid med andre land i regionen, og særleg innanfor SADC, er prioritert. Retorikken knytt til internasjonalisering inneholder omgrep som «*help*» og «*assist*», både når det gjeld Sør-Afrika sitt samarbeid med andre afrikanske land (SA hjelper desse landa), og med det globale nord (Sør-Afrika får hjelp av desse landa, til dømes til å utdanne personar på doktorgradsnivå). Dette er ei nokså forskjellig tilnærming frå den ein ser i dei andre BRIKS-landa på retorikkplanet.

---

<sup>31</sup> Southern African Development Community (SADC) undertekna sin «Protocol on Education and Training» i 1997. Denne slår m.a. fast at alle land i regionen skal setje av 5 prosent av studieplassane til studentar frå andre land i fellesskapet.

Det faktum at tusenvis av studentar frå regionen studerer i Sør-Afrika, blir sett på som eit stort bidrag frå Sør-Afrika til utviklinga av det sørlege Afrika. På same tid held *Green paper* fram at det også er verdifullt for Sør-Afrika at studentar frå nabolanda får utdanning i Sør-Afrika, fordi landa i regionen er gjensidig avhengige av kvarandre, og alle bidrag til å styrke økonomien i nabolanda vil også bidra til å styrke sørafrikansk økonomi. I tillegg ser ein for seg at blant alle desse studentane finst sannsynlegvis framtidas leirarar i det sørlege Afrika, og gjennom deira opphold ved sørafrikanske universitet kan ein byggje relasjonar som kan blomstre i tiåra som kjem, og som vil tene heile subkontinentet. I tillegg er det ofte lettare å rekruttere gode studentar frå nabolanda enn frå dei gruppene av sørafrikanarar som ifølgje offisiell politikk skal prioriterast, nemleg kvinner og svarte.<sup>32</sup>

Samarbeidet med nabolanda dreier seg i all hovudsak om inn-mobilitet, altså at studentar frå desse landa kjem til Sør-Afrika. I tillegg blir det peikt på at det i aukande grad blir oppretta forskingssamarbeid som gjerne tar utgangspunkt i samarbeid med land i det globale nord, og som også inkluderer samarbeid med utviklingsland, som India og andre afrikanske land. Denne typen samarbeid har så langt i hovudsak omfatta dei historisk privilegerte institusjonane. DHET sin offisielle politikk går ut på at ein vil arbeide for å leggje betre til rette for sterkare band mellom framande (les: vestlege) universitet og dei historisk underprivilegerte universiteta, og fokusere på internasjonalt samarbeid som kan bidra til auka kvalitet i utdanninga (*teaching and learning*), i tillegg til forsking.

Innanfor forskingsfeltet er internasjonalt samarbeid høgt prioritert. Motivasjonen er både knytt til å sikre finansiering av forsking nasjonalt og regionalt, og til den meirverdien internasjonalt samarbeid har for resultata og effekten forskinga kan ha. I EU sitt 7. rammeprogram er Sør-Afrika det femte mest aktive tredjelandet (land utanfor Europa), etter Russland, USA, Kina og India. Det er oppretta ei eiga plattform / eit eige program som har som oppgåve å bidra til auka samarbeid mellom Sør-Afrika og EU-land, og til auka sørafrikansk deltaking i EU sine forskingsprogram.<sup>33</sup> Kunnskapsdepartementet sitt Forskingsbarometer for 2013 viser at det er stor relativ samarbeidsintensitet mellom Noreg og Sør-Afrika. Når storleiken på landa blir tatt omsyn til, er Sør-Afrika det landet norske forskarar samarbeider mest med, etter Sverige, Danmark og Finland.

Det er viktig for Sør-Afrika å behalde posisjonen sin som leiande forskings- og teknologinasjon, både på det afrikanske kontinent og globalt. Landet er blitt ein viktig partnar i eit stort internasjonalt forskingsprogram med tittelen Square Kilometre Array (SKA), som er eit internasjonalt program, der Sør-Afrika og Australia skal vere vertnasjonar for dei største og mest sensitive radioteleskopa i verda. Denne infrastrukturen blir bygd opp i ørkenområda nord i Sør-Afrika, og er i ferd med å tiltrekke seg forskarar frå heile verda. Sør-Afrika arbeider naturleg nok aktivt for å utvikle fagmiljø som kan bidra til og dra nytte av forskingsmiljøa rundt SKA.

Det er Department of Science and Technology (DST) som inngår bilaterale avtalar på nasjonalt nivå på forskings- og teknologifeltet. DST har 35–40 bilaterale avtalar. Nokre av desse er det ikkje knytt aktivitetar til, medan andre er grunnlag for konkrete program med tilhøyrande finansiering. Sør-Afrika har ei rekke bilaterale forskingsprogram med andre land, som til dømes Nederland, Tsjekkia, Sveits og Japan. Det bilaterale forskingsprogrammet mellom Noreg og Sør-Afrika, som nettopp har


<sup>32</sup> Det faktum at grunnskuleutdanninga i fleire av nabolanda er betre enn tilsvarande utdanning den jamne (svarte) sørafrikanar får, kom fram i ei rekke samtalar under studiereisa til Sør-Afrika.

<sup>33</sup> European – South African Science and Technology Advancement Programme (ESASTAP), <http://www.esastap.org.za/>

gått inn i sin tredje programperiode, er også eit døme på bilaterale forskingsprogram, der finansieringsandelen frå samarbeidslandet er høgare enn den er frå Sør-Afrika si side. I alle bilaterale program der DST/NRF er partnar blir det, i tråd med sørafrikansk politikk, lagt vekt på at samarbeid med historisk ikkje-privilegerte universitet vil bli prioritert, på same måte som studentar med *disadvantaged backgrounds* vil bli prioriterte ved tildeling av stipend og liknande. Korleis programma i realiteten treff i forhold til desse prioriteringane er ikkje heilt klårt, ettersom alt tyder på at det meste av internasjonalt forskingssamarbeid skjer med dei mest ressurssterke universiteta. Mykje tyder på at det er større grad av *individual redress* enn *institutional redress* i implementeringa av desse programma.<sup>34</sup>

## 4.2 Status for internasjonalisering av høgare utdanning i Sør-Afrika

Det er utfordrande å finne heilt pålitelege tal for mobilitet inn til Sør-Afrika, og endå vanskelegare å fastslå talet på sørafrikanske studentar som heilt eller delvis tar utdanninga si i utlandet. Tal frå OECD viser at det er ei svært stor overvekt av innreisande studentar samanlikna med utreisande, slik figuren under viser:<sup>35</sup>




Realiteten desse tala viser, samsvarer med den offisielle politikken knytt til internasjonalisering i Sør-Afrika, der det er langt større fokus på at Sør-Afrika er vertskap for innkomande internasjonale studentar, enn på målsetjingar knytt til at sørafrikanske studentar skal ta heile eller deler av utdanninga si i utlandet. Når det gjeld talet på internasjonale studentar i Sør-Afrika, så er det ikkje reelt at så mange faktisk kjem til Sør-Afrika. For 2010-tala viser IEASA til at berre 58 prosent av dei registrerte internasjonale studentane er kontaktstudentar, medan resten er fjernstudentar.<sup>36</sup> Ein kan derfor anta at det reelle talet for 2012 låg på omkring 36 000.

<sup>34</sup> Sluttrapporten for den andre programperioden i South Africa – Norway Programme on Research Cooperation viser at bortsett frå University of the Western Cape, som hadde flest prosjekt, var det tre av «dei fem store» som fekk tildelt flest prosjekt. Men det var mange einskildpersonar med disadvantaged backgrounds som tok del programmet.

<sup>35</sup> Tal henta frå OECD: Education at a Glance 2013.

<sup>36</sup> IEASA 2012: Study South Africa 12th Edition

Det har naturleg nok vore ein enorm vekst i inn-mobilietten til Sør-Afrika i perioden frå 1994 og fram til i dag. Og aller mest aukar talet på studentar frå SADC –landa. Det er ein jamn vekst i talet på studentar frå andre afrikanske land, medan talet på innreisande studentar frå resten av verda har auka svært lite gjennom tjueårsperioden. Utviklinga er vist i figuren under:<sup>37</sup>



70 prosent av dei internasjonale studentane i Sør-Afrika kjem frå SADC-landa, medan 32 prosent av alle studentane frå SADC kjem frå Zimbabwe åleine. Dette har samanheng med den svært vanskelege situasjonen for studentar og for universiteta i Zimbabwe. Dei største sendarlanda etter Zimbabwe er Namibia, Lesotho, Swaziland og Botswana. I Sør-Afrika ser ein det som ei plikt å ta imot studentar frå andre afrikanske land, for på den måten å bidra til å utvikle den menneskelege ressursbasen på kontinentet. Samtidig er det som tidlegare omtalt ofte gode studentar som blir rekrutterte frå desse landa, og som dermed bidrar positivt til kvaliteten ved dei sørafrikanske institusjonane. Det er også ei utbreidd oppfatning at ein demmer opp for hjerneflukt ved at studentar kjem til Sør-Afrika i staden for å reise til OECD-land. I staden for hjerneflukt får ein «hjernesirkulasjon» innanfor det afrikanske kontinentet.


Blant dei ikkje-afrikanske studentane er den største gruppa frå USA, følgd av Storbritannia, Tyskland, India og Kina. Sør-Afrika vart i 2011 rangert som den 13. mest populære destinasjonen i verda for internasjonale studentar. Faktorar som bidrar til å gjøre Sør-Afrika attraktivt er brei tilgang på engelskspråklege studieprogram og relativt lågt prisnivå.<sup>38</sup>

I september 2011 vart utdanningsministrane i SADC-landa einige om eit SADC Regional Qualifications Framework (RQF). Med europeiske prosessar som modell, vil dette initiativet bidra til auka harmonisering når det gjeld godkjenning av utdanning. Målet er at det skal bli større moglegheit for å bevege seg innanfor regionen i løpet av eit studieløp (utveksling), og sannsynlegvis vil dette også gjøre det lettare å utvikle opplegg for studentutveksling mellom Sør-Afrika (og andre land i regionen) og land utanfor Afrika.

<sup>37</sup>Tal henta frå IEASA 2012: Study South Africa 12th Edition

<sup>38</sup> IEASA 2012: Study South Africa 12th Edition, basert på data frå OECD: Education at a Glance, 2011

Den same ubalansen mellom inn- og utmobilitet i Sør-Afrika finn ein når ein ser på forholdet mellom inn- og utreisande studentar mellom Sør-Afrika og Noreg, slik figur 2 viser:<sup>39</sup>



Balansen i mobilitet mellom Noreg og Sør-Afrika er altså heilt annleis enn mellom Noreg og fleire av dei andre BRIKS-landa, som Kina, India og Russland. Medan Sør-Afrika er ein relativt populær destinasjon for norske studentar, er Noreg etter denne statistikken å døme eit lite aktuelt land for sørafrikanarar å studere i (meir om samarbeid mellom Noreg og Sør-Afrika i kapittel 5).

### 4.3 Institusjonelle rammefaktorar – føresetnader for internasjonalt samarbeid

Dei sørafrikanske universiteta er som allereie nemnt autonome i den forstand at dei kan inngå samarbeidsavtalar og relasjonar med dei institusjonar og land dei måtte ønskje, både når det gjeld forsking og utdanning. Dei rammefaktorane som er avgjerande for i kva grad dei er engasjerte i internasjonalt samarbeid har derfor i liten grad med ekstern styring å gjere, sjølv om det ligg sterke føringer i heile verksemda knytt til prioritering av tidlegare *disadvantaged groups*.

Føresetnader som avgjer graden av internasjonalt samarbeid heng nøye saman med ressursane institusjonane har, både i form av økonomi og ikkje minst menneskeleg kapital, og som tidlegare nemnt heng dette også nøye saman med historiske føresetnader.

Alle dei sørafrikanske universiteta har eit internasjonalt kontor, og alle er medlemmer i International Education Association South Africa (IEASA). Alle universitetet har også internasjonale studentar. Som tidlegare vist er det «dei fem store» universiteta som er sterkest involverte i internasjonalt forskingssamarbeid. I tillegg er det ein anna gruppe på fire-fem universitet som også har gode resultat på til dømes internasjonal sampublisering. Det er dei same universiteta som er vertskap og deltar i flest Centres of Excellence. Når det gjeld talet på internasjonale studentar på høgare gradsnivå (master og doktorgrad), er det stor grad av samsvar mellom dei universiteta som har flest

<sup>39</sup> Både tal frå OECD og frå DBH/SIU sin mobilitetsrapport viser at det var 27 sørafrikanske studentar i Noreg både i 2011 og 2012. Men OECD sin rapport viser at det berre var 159 norske studentar i Sør-Afrika i 2012, medan SIU sin mobilitetsrapport, på bakgrunn av tal frå Lånekassen, viser at det var 344 norske studentar i Sør-Afrika i 2012. Av desse var 280 utvekslingsstudentar og 64 gradsstudentar.

internasjonale master- og doktorgradsstudenter, og dei som har mest internasjonal forskingsaktivitet. Av dei uteksaminerte internasjonale studentane på høgare grad i 2011 tok 28 prosent graden på University of South Africa (UNISA), og desse var derfor fjernstudentar. Bortsett frå UNISA fordele studentane seg som følgjer:

Universitet	Del av uteksaminerte internasjonale studentar på høgare grad
University of Cape Town	10 %
University of Pretoria	10 %
Stellenbosch University	9 %
University of Witwatersrand	9 %
University of KwaZulu Natal	9 %
University of Free State	5 %
North West University	5 %
University of the Western Cape	5 %

#### 4.4 Sentrale aktørar i internasjonaliseringssarbeidet

Som det går fram av det som er beskrive tidlegare, er det på mange måtar dei sør-afrikanske universiteta sjølv som er dei viktigaste aktørane i internasjonaliseringssarbeidet. Likevel finst det nokre sentrale aktørar på nasjonalt nivå, som tener som tilretteleggjarar og premissleverandørar for internasjonalisering av høgare utdanning og forsking i landet. Fleire av desse har allereie vore nemnde tidlegare i rapporten. For å gi ei samla oversikt følgjer likevel ein kort presentasjon av dei viktigaste aktørane.

##### **Department of Higher Education and Training (DHET) – Office for International Relations (IR)<sup>40</sup>**

Det internasjonale kontoret i DHET har eit overordna ansvar for internasjonalt samarbeid i universitets- og collegesektoren. Kontoret har ansvar for å styrke samarbeidet med andre land i Afrika, og med panafrikanske organisasjonar og nettverk som African Union (AU), NEPAD-sekretariatet,<sup>41</sup> Southern African Development Community (SADC) og Association of African Universities (AAU).

Kontoret har også som mål å styrke sør-sør- og nord-sør-samarbeid innanfor høgare utdanning generelt. Når det gjeld sør-sør-samarbeid, har det over ein del år vore etablerte samarbeidsrelasjonar i det som kallast IBSA (India, Sør-Afrika, Brasil). Dette har vore opptakten til det som no er i ferd med å bli eit organisert arbeid rundt forsking og høgare utdanning innanfor BRIKS-samarbeidet. DHET-IR har også ansvar for Sør-Afrika sin interaksjon med og bidrag til organisasjonar som UNESCO, OECD, Commonwealth, WTO og ILO på tema som gjeld høgare utdanning og profesjonsutdanning. Kontoret skal vidare oppmuntre institusjonane til internasjonalt samarbeid og styrke samarbeidet med

<sup>40</sup> Nettadressa til DHET-IR:

<http://www.dhet.gov.za/Structure/HRDPlanningandMonitoringCoordination/InternationalRelations/tabid/424/Default.aspx>

<sup>41</sup> New Partnership for Africa's Development (NEPAD) er eit rammeverk innanfor AU, som skal bidra til sosioøkonomisk utvikling på det afrikanske kontinentet. <http://www.nepad.org/>

internasjonale kontor ved institusjonane. Det har også ansvar for at statistikk over institusjonane sitt internasjonale engasjement blir gjort tilgjengeleg. Utøver dette har DHET-IR ingen konkrete virkemiddel for å fremje internasjonalt samarbeid i sektoren.

### **Higher Education South Africa (HESA)**

HESA er Sør-Afrika sin rektorkonferanse i universitetssektoren, og har alle dei 23 offentlege universiteta som medlem. Organisasjonen vart grunnlagd i 2005, då to tidlegare organisasjoner (ein for universiteta og ein for «teknikons») vart slåtte saman. HESA har eit nært samarbeid med både DHET og DST, og arbeider aktivt for å skape ei positiv utvikling innanfor høgare utdanning i Sør-Afrika. HESA er blant anna opptatt av å minske fråfallsprosenten i høgare utdanning, samt å sikre rekruttering til vitskapelege stillingar. HESA administrerer nokre program på vegner av DST for dette formålet, mellom anna eit program for å støtte unge forskrarar/postdoktorar. HESA administrerer også ei rekke stipendprogram etter avtale med myndighetene, multilaterale organisasjoner og private organisasjoner.

HESA ønskjer også å bidra til at Sør-Afrika får ein nasjonal policy på internasjonalisering av høgare utdanning. Organisasjonen ser samtidig at ei massiv satsing for å få sørafrikanske studentar til å reise til utlandet for å ta utdanning ikkje nødvendigvis ville vore ei god utvikling, då faren for hjerneflukt ville vore relativt stor. Derimot vil internasjonale sandwichprogram eller felles studieprogram, som lar studentane behalde koplinga til heimeinstitusjonen og heimlandet vere positivt.<sup>42</sup>

### **International Education Association of South Africa (IEASA)**

IEASA er ein frittståande organisasjon som vart etablert i 1996, som universiteta i Sør-Afrika sitt svar på «internasjonaliseringstrenden»<sup>43</sup>. Organisasjonen jobbar med internasjonalisering av høgare utdanning i Sør-Afrika, men har gitt seg sjølv eit mandat som også går noko vidare til resten av Afrika. IEASA har som si hovudoppgåve å promotere og støtte internasjonalisering av høgare utdanning ved å vere eit profesjonelt forum for institusjonar og einskildpersonar der dei kan drøfte utfordringar og utvikle strategiar for auka internasjonal utdanning i og mellom land i Afrika og andre utviklingsland. IEASA har ikkje særleg fokus på ut-mobilitet, då dette generelt er svært vanskeleg for sørafrikanske studentar på grunn av manglande finansiering.

I praksis er organisasjonen sin hovudaktivitet å promotere sørafrikansk høgare utdanning i utlandet, på vegne av alle dei 23 offentlege universiteta. Dei siste åra har IEASA i tillegg auka sitt akademiske fokus. IEASA har fokus på internasjonalisering av innhaldet i utdanninga (pensum), og på å bringe internasjonale dimensjonar inn i universiteta sine kjerneaktivitetar. Internasjonalisering heime er viktig, slik at alle studentar i Sør-Afrika får ein internasjonal dimensjon i studia sine, ikkje berre den forsvinnande vesle delen som deltar i studentutveksling.

IEASA administrerer sjølv ingen verkemiddel for internasjonalisering av utdanning, men har hatt ei rådgivande rolle i fire store Erasmus Mundus-nettverk, som sørafrikanske universitet deltar i (Aksjon 2). IEASA vil kunne vere ein viktig støttespelar for KD og SIU i eventuelle framtidige satsingar mot Sør-Afrika.

---

<sup>42</sup> Synspunkta kom fram i møte med HESA i november 2013

<sup>43</sup> <http://www.ieasa.studysa.org/>

## **5. Utdannings- og forskingssamarbeid med Noreg – status og moglegheiter**

### **5.1 Status**

Det er mange og relativt tette samarbeidsrelasjoner mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og i Sør-Afrika. Dette samarbeidet har røter tilbake til apartheidperioden, då Noreg bidrog med utdanningsstøtte til sør-africanske studentar i eksil, og støtta universitetsbaserte organisasjonar sin motstand mot apartheidregimet. Noreg gav også støtte til planlegging og politikkutvikling for høgare utdanning i overgangfasen til post-apartheid Sør-Afrika tidleg på 1990-talet.

Allereie i 1994 vart dei første samarbeidsprosjekta mellom norske og sør-africanske institusjonar (historisk underprivilegerte universitet) etablerte med støtte frå NUFU-programmet. Det har vore mykje samarbeid mellom norske og sør-africanske institusjonar gjennom dette programmet heilt fram til det vart avslutta i 2012. Dei fleste av prosjekta har også omfatta samarbeid med andre afrikanske land. Gjennom NOMA-programmet har tre sør-africanske universitet vore involverte i oppbygginga av regionale mastergrader.

I perioden 2000–2010 gav Utanriksdepartementet via ambassaden i Pretoria støtte til programmet South Africa – Norway Tertiary Education Development Programme (SANTED). Formålet med programmet var å støtte opp om transformasjonen av høgare utdanning i Sør-Afrika, og bidra til å bygge opp regionalt utdanningssamarbeid med andre SADC-land. Norske UH-institusjonar var i svært liten grad involverte i dette programmet.

I 2002 underteikna den sør-africanske og den norske regjeringa ein bilateral avtale om vitskapleg og teknologisk samarbeid.<sup>44</sup> Denne avtalen er grunnlag for mellom anna det bilaterale forskingsprogrammet mellom dei to landa, som i 2013 har gått inn i sin tredje periode. Første fase av dette programmet gjekk frå 2002–2006, og andre fase varte frå 2006 til 2011. I den tredje programperioden har programmet fått namnet “South Africa – Norway Research Cooperation on Climate, the Environment and Clean Energy” (SANCOOP). Avtalen om programmet er inngått mellom den norske ambassaden i Pretoria og Department of Science and Technology (DST) i Sør-Afrika. Dei norske midlane er løyva av Utanriksdepartementet, gjennom ambassaden. National Research Foundation og Forskningsrådet samarbeider om sekretariatsfunksjonen i programmet. Medan dei to første fasane av programmet var svært opne når det gjaldt tema og disiplin, er programmet i tredje fase blitt snevra inn tematisk, i tråd med den norske ambassaden i Pretoria sine satsingsområde for samarbeid med Sør-Afrika. Programmet har i alle tre fasar vore finansiert frå begge land, der Sør-Afrika bidrar med ein mindre absolutt sum, men om ein utjamnar i forhold til kjøpekraft er bidraga samanliknbare. Norske midlar kan også brukast på sør-africanske partnerinstitusjonar. Programmet støttar i prinsippet likeverdig forskingssamarbeid, og det har betydelege utdanningskomponentar i seg, i form av gjensidig studentutveksling på master- og ph.d.-nivå. Programmet har samtidig preg av kapasitetsbygging, i den forstand at det er ei uttalt prioritering at deltagande forskarar og studentar skal kome frå underprivilegerte grupper, og at ikkje-privilegerte institusjonar er prioriterte som samarbeidspartnerar. Ein oversikt utarbeidd av Forskningsrådet viser at i perioden 2002–2012 har

---

<sup>44</sup> Agreement between the Government of the Republic of South Africa and the Government of the Kingdom of Norway on Scientific and Technological Cooperation, signert 29. mai 2002

totalt 116 prosjekt med formelle eller uformelle samarbeidspartnalar frå Sør-Afrika fått støtte frå Forskningsrådet, gjennom ei rekke ulike forskningsprogram.

I 2003 viste ein studie bestilt av Norad at det var behov for insentiv for auka studentutveksling mellom Sør-Afrika og Noreg. Medan dei norske støtteordningane gjennom Lånekassen er tilstrekkelege til at norske studentar kan reise til Sør-Afrika på utveksling, er det same langt frå tilfelle når det gjeld moglegitetene for sørifikanske studentar for å ta utvekslingsopphold i Noreg. På denne bakgrunnen vart det oppretta eit pilotprogram for studentutveksling Noreg-Sør-Afrika, som vart gjennomført i perioden 2006–07. SIU administrerte programmet, og tre norske og tre sørifikanske institusjonar<sup>45</sup> deltok. I desse to kalenderåra (fire semester) støtta programma semesteroppophald for totalt 56 sørifikanske masterstudentar til Noreg. Dei norske institusjonane forplikta seg til å sende tilsvarende tal studentar til dei sørifikanske partnarinstitusjonane i same tidsrom. Dette målet vart ikkje heilt oppnådd, då det på den tida viste seg å vere vanskeleg å rekruttere norske masterstudentar til å ta deler av utdanninga si i Sør-Afrika. Etter pilotfasen på to år vart ikkje programmet forlenga. Både sørifikanske og norske institusjonar som deltok i dette programmet ville gjerne at det skulle halde fram, nettopp fordi det så langt er det einaste programmet på utdanningssida som har bidrige til gjensidig utveksling.

I 2006 var Universitetet i Bergen og University of the Western Cape initiativtakarar til å etablere eit senter for akademisk samarbeid mellom universitet i det sørlege Afrika og i Norden, SANORD (Southern African – Nordic Centre). Sentret har i dag 42 medlemsinstitusjonar, og har etablert eit kontor på University of Western Cape. Annakvart år arrangere SANORD ein stor konferanse, medan dei det andre året held eit symposium i samband med møter i styre og råd for senteret. Senteret har lukkast med å tiltrekke seg nokre midlar slik at dei har hatt utlysing av prosjektmidlar som medlemsinstitusjonane har kunna søke på, først og fremst for å fremje forskingssamarbeid, men det har også vore studentar involvert i desse prosjekta. Det er mellom anna eit mål for senteret å auke mobiliteten for studentar og tilsette mellom medlemsinstitusjonar i det sørlege Afrika og Norden. Fire norske institusjonar er med i nettverket. Det betyr at berre nokre av dei institusjonane som samarbeider med sørifikanske institusjonar deltar.

Det eksisterer ein heil del aktive studentutvekslingsavtalar mellom norske institusjonar og institusjonar i Sør-Afrika. Dei norske samarbeidsrelasjonane har ein tendens til å konsentrere seg mot institusjonane ved kysten, særleg i Cape Town-området, men også i Durban. Eit sok på norske institusjonar sine nettsider tyder på at det er universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim, samt Høgskulen i Oslo og Akershus som har dei mest aktive utdanningsrelasjonane til Sør-Afrika. Dei institusjonane det er flest utvekslingsavtalar med i Sør-Afrika er University of Cape Town (4), University of the Western Cape (4), Stellenbosch University (3) og University of KwaZulu Natal (2). I tillegg har UiB samarbeid med University of Witwatersrand (i Johannesburg), og HiOA har samarbeid med Cape Peninsula University of Technology og Nelson Mandela Metropolitan University of Technology (i Port Elizabeth).

Studentutvekslinga under desse avtalane går stort sett berre frå Noreg til Sør-Afrika. Sør-Afrika er eitt av landa som er omfatta av kvoteordninga, og det er meldt inn til SIU over 40 samarbeidsavtalar

---

<sup>45</sup> Dei norske institusjonane som deltok var: Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø. Dei tre sørifikanske universiteta som deltok var: University of Cape Town, University of KwaZulu-Natal og University of Western Cape.

mellom norske og sørafrikanske institusjonar som skal vere grunnlag for å ta opp studentar frå Sør-Afrika på denne ordninga. Likevel viser statistikken av svært få sørafrikanske studentar blir tekne opp ved norske institusjonar gjennom kvoteordninga. I 2012 var det berre seks sørafrikanske studentar som var tatt opp gjennom ordninga. Dette er svært underleg, og spørsmål til eit lite utval norske institusjonar viser at også dei er i tvil om kvifor det er så vanskeleg å rekruttere sørafrikanske studentar. Dei antar at det kan ha å gjere med at det trass alt finst svært gode universitet i Sør-Afrika, samtidig som heimeinstitusjonane sjølv har problem med å rekruttere gode studentar til studiar på høgare grad, og derfor nødig vil sende frå seg gode studentar til Noreg.

## 5.2 Moglegheiter

Svært mykje ligg godt til rette for utdanningssamarbeid mellom dei to landa våre. Samanlikna med alle dei andre BRIKS-landa og Japan, er det små barrierar knytt til språk og kultur mellom Noreg og Sør-Afrika. Dei aller fleste studieprogram er på engelsk, og engelsk er stort sett «lingua franca» også elles i det sørafrikanske samfunnet. Når det gjeld kultur har Sør-Afrika mange ulike kulturar i seg, men av fleire SIU møtte i Sør-Afrika vart det framheva at forskjellane ikkje er så store mellom nordmenn og sørafrikanarar.

Det er likevel eitt viktig område der det er stor forskjell på føresetnadene knytt til samarbeid og utveksling, og det gjeld det økonomiske området. Den svært skeive fordelinga når det gjeld studentutveksling er mellom anna eit resultat av dette. Norske studentar har god finansiering frå Lånekassen, også til å dekke studieavgiftene, og reiser til eit land med betydeleg lågare kostnadsnivå enn det norske. Sørafrikanske studentar har inga tilsvarande offentleg stipend- og låneordning som dekkjer studiar i utlandet, og om dei reiser til Noreg kjem dei til eit land med høge levekostnader samanlikna med Sør-Afrika.

Det er enormt store udekt behov i utdanningssektoren i Sør-Afrika. Dette gjeld i særleg grad grunn- og vidaregåande opplæring og fag- og yrkesopplæring og i dei minst privilegerte institusjonane for høgare utdanning. Likevel blir internasjonalisering sett på som viktig, og betydelege midlar vert brukt, serleg på å utdanne studentar frå naboland.

Sørafrikanske universitetet er også involvert i mykje internasjonalt forskingssamarbeid. Ein del av programma dei deltar i har eit bistandsfokus, og kapasitetsbygging er eit viktig element. Så langt har også det meste av det bilaterale samarbeidet med Noreg også gått føre seg innanfor ein bistandskontekst.

Fram til 2013 har alt utdannings- og forskingssamarbeid mellom Noreg og Sør-Afrika vorte finansiert over bistandsbudsjettet, av Utanriksdepartementet og Norad. Det nystarta SANCOOP-programmet som Forskningsrådet administrerer, er det sist oppstarta programmet av denne arten.

### Studentutveksling

Status for studentutveksling mellom Noreg og Sør-Afrika i 2012 viser at det var 344 norske studentar registrerte ved sørafrikanske universitet, medan berre 27 sørafrikanske studentar var registrerte ved norske lærestader same år. Mobiliteten mellom dei to landa våre er altså svært ubalansert. Det er sannsynlegvis ikkje eit mål i seg sjølv for Sør-Afrika å sende like mange studentar til Noreg som dei mottar frå oss. Det kan nok vere interesse for å auke mobiliteten av sørafrikanske studentar til Noreg i nokon grad, serleg om auken skjer i ein kontekst der ein koplar utdanningsaktivitetar til

forskningsaktivitetar, slik det t.d. blir gjort i UTFORSK.<sup>46</sup> Om fleire av dei norske studentane som er på utveksling i Sør-Afrika hadde vore knytt til eit breiare fagleg eller forskingsmessig samarbeid, kunne det og vore med på å skape og styrke strategiske institusjonelle partnarskap.

### **Samarbeid om doktorgradsutdanning**

Under SIU sitt besøk i Sør-Afrika i november 2013 kom det fram i fleire møte at det er eit stort behov for auka kapasitet for å gjennomfør doktorgradsutdanning i Sør-Afrika. Sør-Afrika har ambisjonar om å femdoble talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per år innan 2020. Department of Science and Technology er hovudansvarleg for å gjennomføre denne målsetjinga. Men det er mangel både på utdanningsprogram og rettleiingskapasitet. I denne samanhengen kan det vere interessant for Sør-Afrika å samarbeide med andre land, til dømes Noreg, om sandwichprogram, cotutelle-ordningar, felles studieprogram og eventuelt fellesgrader. DHET er i ferd med å utvikle nasjonale retningslinjer for fellesgrader, og når dette arbeidet er ferdigstilt, blir det lettare for dei sør-afrikanske universiteta å gå inn i slike relasjonar til utanlandske institusjonar, både på master- og ph.d.-nivå.

### **Kunnskapstriangelet**

Norsk næringsliv har i dei siste åra vist ei aukande interesse for Sør-Afrika. Innovasjon Norge har kontor i både Cape Town og Pretoria, samlokalisert med høvesvis det norske generalkonsulatet og ambassaden. Ca. 20 norske bedrifter er i dag etablerte i Sør-Afrika, men fleire av desse har ingen norske tilsette i landet. Prioriterte sektorar for norsk næringsliv i Sør-Afrika er blant anna maritim sektor, olje og gass, fornybar energi, IKT og telekommunikasjon. Det føregår gassproduksjon i landet, og det er identifisert oljefelt på grensa til Namibia. I tillegg har mange store internasjonale selskap innan petroleumsektoren sine regionkontor for Afrika i Sør-Afrika (særleg Cape Town).

Innovasjon Norge sitt Sør-Afrika-kontor jobbar målretta mot næringsklynger i Noreg, for å få desse til å satse i Sør-Afrika og resten av det sørlege Afrika. På bakgrunn av dei eksisterande samarbeidshøva høgare utdanning og forsking mellom Noreg og Sør-Afrika, kan ein sjå for seg ei vidare kopling mellom utdanning, forsking og innovasjon i samarbeidet mellom Noreg og Sør-Afrika.

### **Erasmus+**

Sør-Afrika har vore eit aktivt og viktig samarbeidsland innanfor EU sine samarbeidsprogram både når det gjeld forsking og utdanning. På utdanningssida er det særleg «Sør-Afrika-vindaugen» i Erasmus Mundus aksjon 2 som blir trekt fram som viktig for internasjonalisering av høgare utdanning i Sør-Afrika. Dette er ein aksjon Noreg ikkje har deltatt i. I Erasmus+ vil Noreg derimot delta i alle delar av programmet, og dette kan opne nokre moglegheiter for norske institusjonar til å skaffe nye rammer og ny finansiering til samarbeidet med Sør-Afrika.

### **Multilateralt samarbeid**

Logikken som førte til at Sør-Afrika vart ein del av BRIKS-samarbeidet, var i stor grad at landet er ein port til resten av det afrikanske kontinentet. Slik fungerer det også når det gjeld til dømes næringslivsetableringar. Fleire av verdas raskast veksande økonomiar ligg i Afrika sør for Sahara, og

---

<sup>46</sup> Eit samarbeidsprosjekt mellom University of Cape Town og Høgskolen i Oslo og Akershus fekk støtte i den første prosjekttildelinga i UTFORSK sitt partnarskapsprogram i november 2013.

fleire land i det sørlege Afrika har ein gryande oljeindustri og opplever veksande middelklasse og tilhøyrande utvikling av utdanningssystema.

Dei sørafrikanske institusjonane lever i ei spenning mellom internasjonalisering og afrikanisering. På University of Cape Town er til dømes begge desse aspekta viktige delar av strategien til institusjonen. I tillegg er BRIKS-samarbeidet ein ny prioritet, som er i ferd med å prege universiteta. Sør-Afrika er mest interessert i å samarbeide med det globale nord, dersom det også kan føre med seg auka sør-sør-samarbeid. Multilaterale samarbeidsrelasjonar, som omfattar både sør-sør- og nord-sør-samarbeid er derfor etterspurde, både i policydokument og i møte med institusjonane.

## **Finansiering**

Finansiering er ei utfordring for Sør-Afrika sitt samarbeid med andre land, så lenge tiltaka ikkje skal vere bistandsfinansierte. Sør-Afrika er i liten grad interessert i å finansiere utdanning i utlandet for studentane sine, iallfall ikkje i noko større omfang, slik til dømes Brasil gjer gjennom *Science without Borders*. På forskingssida har det vist seg å vere mogleg å etablere samfinansiering (ref. SANCOOP), men det er høgst usikkert om dette ville vore mogleg på utdanningssida, så lenge den økonomiske og ressursmessige situasjonen i utdanningssektoren er slik den er i dag, og dei uløyste oppgåvene er så mange. Det er også lita evne og vilje til å yte studiefinansiering i stor skala til studentar som reiser til utlandet for å studere.

Nokre institusjonar har likevel funne ordningar for å finansiere avgrensa utmobilitet for studentane sine. University of Johannesburg tar som dei fleste andre sørafrikanske studentar ei noko høgare studieavgift for studentar frå land utanfor SADC-regionen. Delar av desse midlane brukar universitetet til å finansiere utreisande studentar sine utanlandsopphold. Målet er at 200 studentar per år (av ein studentmasse på 55 000) skal reise ut innan 2020. University of Cape Town (UCT) har inngått samarbeid om gjensidig utveksling med fleire amerikanske universitet. Ordninga fungerer slik at den amerikanske institusjonen sender tre studentar til UCT. Desse studentane slepp å betale studieavgift ved UCT, og betaler berre ei administrativ avgift. Men dei held fram med å betale avgift til heimeuniversitetet sitt, og desse midlane dekkjer opphaldet ved det amerikanske universitetet for ein student frå UCT. Utvekslinga blir altså tre til ein, og ordninga føreset studieavgifter ved begge universitet.

Ved UCT var dei naturleg nok endå meir begeistra for det norske pilotprogrammet for studentutveksling, som dekka alle utgifter for dei sørafrikanske studentane som reiste til Noreg. Men dei to døma nemnde ovanfor viser at det på institusjonsnivå er mogleg å finne ordningar som medfører større balanse i mobiliteten, utan at det må vere einsidig finansiert frå norsk side.

## Appendiks

### Dei offentlege universiteta i Sør-Afrika

Institusjon	Type	Grunnlagt	Tal på studentar (år)
North-West University	University	2004	58 752 (2012)
Rhodes University	University	1909	6 000 (2012)
Stellenbosch University	University	1866	27 823 (2012)
University of Cape Town	University	1829	25 500 (2012)
University of Fort Hare	University	1916	11 074 (2011)
University of KwaZulu-Natal	University	2004	37 170 (2012)
University of Limpopo	University	2005	17 132 (2012)
University of Pretoria	University	1908	ca. 57 000 (2008)
University of Free State	University	1904	ca. 33 000 (2013)
University of Western Cape	University	1959	15 070 (2012)
University of Witwatersrand	University	1896	27 934 (2011)
Nelson Mandela Metropolitan University	Comprehensive University	2005	ca. 27 000 (2013)
University of Johannesburg	Comprehensive University	2005	49,910 (2011)
University of South Africa	Comprehensive University	1873	328 179(2012)
University of Venda	Comprehensive University	1982	10 968 (2008)
University of Zululand	Comprehensive University	1960	14 727 (2012)
Walter Sisulu University	Comprehensive University	2005	24 970 (2012)
Cape Peninsula University of Technology	University of Technology	2005	ca. 32000 (2010)
Central University of Technology, Free State	University of Technology	1981	10 895 (2012)
Durban University of Technology	University of Technology	2002	22 164 (2012)
Mangosuthu University of Technology	University of Technology	1979	10,096 (2006)
Tshwane University of Technology	University of Technology	2004	48,078 (2012)
Vaal University of Technology	University of Technology	2004	ca. 21 000 (2013)
<b>New Universities in 2014:</b>			
Sol Plaatje University			15 000 (2020)
University of Mpumalanga			5 000 (2020)

Informasjonen er henta frå universiteta sine eigne heimesider.

## Kjelder

### Sentrale dokument:

- Agreement between the Government of the Republic of South Africa and the Government of the Kingdom of Norway on Scientific and Technological Cooperation (2002)
- Department of Higher Education and Training 2012: Green Paper for Post-School Education and Training.
- Department of Higher Education and Training 2012: Strategic Plan 2010/11 – 2014/15
- Department of Higher Education and Training 2013: Statistics on Post-School Education and Training in South Africa: 2011
- Department of Science and Technology 2008: Ten Year Innovation Plan 2008 – 2018
- IEASA: Study South Africa. The Guide to South African Higher Education. 12<sup>th</sup> edition (2012)
- Republic of South Africa, National Planning Commission 2012: Our Future. National Development Plan 2030
- The Norwegian Ministry of Foreign Affairs and South African Department of Science and Technology 2013: South Africa – Norway Research Cooperation on Climate, the Environment and Clean Energy (SANCOOP) (2013 – 2017). Framework Document.

### Forskningslitteratur, rapportar etc.

- Cloete, N., Perold, H. and Papier, J. 2012: Shaping the Future of South Africa's Youth. Centre for Higher Education and Transformation (CHET)
- Hansen, Stein, Hugh Africa and Ad Boeren / Norad 2005: Review of South Africa – Norway Tertiary Education Development Programme (SANTED)
- International Education Association South Africa 2012: Study South Africa 12th Edition
- Nuffic 2012: South Africa: Country Module. Evaluation of foreign degrees and qualifications in the Netherlands.
- OECD 2013: Education at a Glance 2013. OECD indicators.
- Research Council of Norway (undated): South Africa – Norway Programme on Research Cooperation, Phase II (S-AFRIKA) 2006 – 2011. Final Report.
- Research Council of Norway (forthcoming): South Africa Country Policy.
- SIU 2008: The Pilot Programme for Student Exchange between South Africa and Norway. Final Programme Report 2006 – 2007.
- SIU 2012: Mobilitetsrapport 2012
- Smith, Robert and Michael Cross 2009: Mid-Term Review of the SANTED II Programme of Support to Tertiary Education in South Africa.

### Nettressursar:

- BE-A-CO.ZA: <http://be-a.co.za/> (karriererettleilingsside)
- Council of Higher Education: [www.che.ac.za](http://www.che.ac.za)
- Department of Basic Education: <http://www.education.gov.za/>
- Department of Higher Education and Training: <http://www.dhet.gov.za/>
- Department of Science and Technology: <http://www.dst.gov.za/>

- European – South African Science and Technology Advancement Programme (ESASTAP):  
<http://www.esastap.org.za/>
- Fifth BRICS Summit: <http://www.brics5.co.za>
- Higher Education South Africa: <http://www.hesa.org.za/>
- International Education Association South Africa: <http://www.ieasa.studysa.org/>
- National Research Foundation: <http://www.nrf.ac.za/>
- National Student Financial Aid Scheme: <http://www.nsfas.org.za/NSFAS/>
- New Partnership for Africa's Development (NEPAD): <http://www.nepad.org/>
- Norad: [www.norad.no](http://www.norad.no)
- Times Higher Education World University Ranking 2013:  
<http://www.timeshighereducation.co.uk/world-university-rankings/2013-14/world-ranking>
- Universitas 21: <http://www.universitas21.com/>



